

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad/tidspunkt: Herand skule, 27. juni 2011, kl 19.00 – 21.00.

Til stades: Dan Danielsen, Gerd Haugen, Ole-Gisle Vassel.

Sak 1, Økonomirapportering frå Herand barnehage.

Kasserar orienterte om driftsresultatet pr 31. mai 2011. Resultatet så langt ligg innanfor ramma i årsbudsjettet. Vedteke årsbudsjett er berekna med eit mindre overskot.

Sak 2, Eventuelt.

a) Styrarstilling i Herand Barnehage.

Styrar i barnehagen har sagt opp og sluttar i stillinga 30.06.11. Den ledige stillinga er utlyst.

Tone Belsnes er tilsett som fungerande styrar inntil ny styrar er tilsett.

b) Rekneskapsføring.

Leiar orienterte om at det er inngått avtale med Ullensvang Rekneskap ANS om å utføre rekneskapsføring, lønnsutbetaling o.a. for Herand Barnehage frå 01.08.11. Kåre Flatebø og Hildegunn Brattabø er kontaktpersonar. Gerd Haugen er bygdelaget sin kontakt mot rekneskapskontoret.

c) Samarbeidsavtale.

Det er utarbeida samarbeidsavtale mellom Jondal kommune og Herand Barnehage. Styret gjev leiar fullmakt til å underteikne avtalen med kommunen.

d) Tilsyn.

Jondal kommune har meldt om at det vert gjennomført tilsyn i Herand Barnehage i veke 12 i 2012.

Styret vedtok å gå gjennom og eventuelt rette opp lovpålagt dokumentasjon som t.d.; vedtekter, organisasjonskart, arealoppgåve, oversyn over bemanning, årsverk og kompetanse, oversyn over barn i barnehagen, årsplan og rammeplan. Dette arbeidet skal gjennomførast hausten 2011.

Ole-Gisle Vassel/skrivar.